



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet	
Møtestad:	Kommunetunet	
Møtedato:	03.02.2016	Tid: 17:00 – 21:25

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Saklista vart sendt medlemene og varamedlemer 27.01.2016 via utlegging på ipad, e-post og gjort kjent via heimesida.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Ordførar Atle Kvåle, Hans Ekeberg, Anne-Grethe Gjerdevik, Ap

Varaordførar Magne Djuvik, Frp

Bjarte Samnøy, Krf

Aud May Boge, H

Margunn Y. Samnøy, Mikal Leigland, Sp,

Inhabilitet og møtande varamedlemer

Svein Lang, Sp, hadde forfall. For han møtte Peter- Hans de Zwarte som varamedlem.

Inhabilitet og møtande varamedlemer

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak nr 4 og 5/16. For han møtte Lars Erik Dalland som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand.

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås- i deler av sak nr 3/16

Einingsleiar Anne Skagseth til og med sak nr 5/16.

Einingsleiar barnehage Irene Kvåle Foer til og med sak nr 10/16.

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø til og med sak nr 13/16.

Einingsleiar teknisk drift Øystein Havsgård

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

I sak nr 3/16 orienterte rådmann og einingsleiar pleie og omsorg. Deler av sak 3/16 vart difor samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 2 i kommunelova om lovheimla teieplikt. Orientering, handsaming og vedtak i den delen av saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 2, jf. offentleglova § 13 1.ledd- opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller medhald av lov. Jf forvaltningslova § 13 nr 1 – teieplikt i høve til nokon sine personlege tilhøve.

Samrøystes vedtak.

Vert teke til orientering og ber om at sak om meirforbruk vert lagt fram til handsaming så snart som mogeleg..

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 09.02.2016

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
001/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 25.11.2015
002/16	DELEGERTE SAKER I MØTET 03.02.2016
003/16	SKRIV OG MELDINGER 03.02.2016
004/16	OPPMODING OM AUKA MOTTAK OG BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2016
005/16	MOTTAK AV EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR
006/16	OPPSTARTSVEDTAK KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR FUSA KOMMUNE 2017-2020
007/16	Eigarskapsmelding 2016 - 19
008/16	Avklaring av mandat til sak om skulestruktur trinn 2
009/16	Avklaring av mandat til sak om organisering av barnehagar i Fusa kommune
010/16	VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE
011/16	Forskrift om oppheving av skulekrinsar
012/16	VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE
013/16	Førespurnad om å leige eller overta Holdhus og Strandvik skular
014/16	Søknad om kommunal garanti for lån
015/16	BIR - Høyring av avfalls- og ressursstrategi for 2016 - 2020
016/16	PROSJEKTRAPPORTERING FORMANNSKAPET 2016

**001/16: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
25.11.2015**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 25.11.2015 vert godkjent.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-001/16 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 25.11.2015 vert godkjent.

.....

002/16: DELEGERTE SAKER I MØTET 03.02.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert teke til etterretning.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-002/16 VEDTAK:

Delegerte saker vert teke til etterretning.

.....

003/16: SKRIV OG MELDINGER 03.02.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

I sak nr 3/16 orienterte rådmann og einingsleiar for pleie og omsorg. Deler av sak 3/16 vart difor samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 2 i kommunelova om lovheimla teieplikt. Orientering, handsaming og vedtak i den delen av saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 2, jf. offentleglova § 13 1.ledd- opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller medhald av lov. Jf forvaltningslova § 13 nr 1 – teieplikt i høve til nokon sine personlege tilhøve.

Samrøystes vedtak.

Vert teke til orientering og ber om at sak om meirforbruk vert lagt fram til handsaming så snart som mogeleg..

Samrøystes vedtak elles i saka:

Høyringssakene vert skriv og meldingar til kommunestyret.

Skriv og meldingar vart elles teke til orientering.

FOR-003/16 VEDTAK:

Deler av sak 3/16 vart difor samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 2 i kommunelova om lovheimla teieplikt. Orientering, handsaming og vedtak i den delen av saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 2, jf. offentleglova § 13 1.ledd- opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller medhald av lov. Jf forvaltningslova § 13 nr 1 – teieplikt i høve til nokon sine personlege tilhøve.

Samrøystes vedtak.

Vert teke til orientering og ber om at sak om meirforbruk vert lagt fram til handsaming så snart som mogeleg..

Høyringssakene vert skriv og meldingar til kommunestyret.

Skriv og meldingar vart elles teke til orientering.

.....

004/16: OPPMODING OM AUKA MOTTAK OG Busetjing av FLYKTNINGAR I 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å busetja tal flyktningar i perioden 2016 og 2017 i tråd med fylkesmannen si oppmoding av 20.11.15. Busetjingstal for 2018 og 2019 kjem ein tilbake til på eit seinare tidspunkt når behovet er kjent.
2. Busetjing av einslege mindreårige flyktningar vert handsama i eiga sak.
3. Fusa kommune buset 30 nye flyktningar i 2016.
4. Fusa kommune buset minst 35 nye flyktningar i 2017.
5. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktingtilskot

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

Mikal Leigland, Sp, reiste spørsmål om han var inhabil då han har tilbydd kommunen å leiga 2 bustader. Han gjekk frå og Lars Erik Dalland, H, tok plass som vararepresentant.

Aud-May Boge, H, fremja forslag om at Mikal Leigland var inhabil.

J.f. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2. ledd. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil.

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 8 røyster (3 Ap, 2 H, 1 Krf, 2 Sp) mot 1 røyst (1 Frp)

FOR-004/16 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek å busetja tal flyktningar i perioden 2016 og 2017 i tråd med fylkesmannen si oppmoding av 20.11.15. Busetjingstal for 2018 og 2019 kjem ein tilbake til på eit seinare tidspunkt når behovet er kjent.
2. Busetjing av einslege mindreårige flyktningar vert handsama i eiga sak.
3. Fusa kommune buset 30 nye flyktningar i 2016.
4. Fusa kommune buset minst 35 nye flyktningar i 2017.
5. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktingtilskot

.....

005/16: MOTTAK AV EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Fusa kommune tek imot inntil 7 einslege mindreårige flyktningar som del av auka mottak av flyktningar i 2016.
2. Drift av eit eventuelt bufellesskap og kostnadar knytt til fosterheimar skal finansierast med tilskot til den aktuelle gruppa. Det skal i tillegg søkjast skjønsmidlar hos Fylkesmannen for mellom anna å dekkja sjølve etableringa.
3. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktningstilskot.
4. Vedtak om busetjing av einslege mindreårige flyktningar i 2017, gjer ein når ein har ein godkjent handlingsplan for tenesta.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

Habiliteten til Mikal Leigland, Sp, vart handsama i forrige sak: «Han reiste spørsmål om han var inhabil då han har tilbydd kommunen å leiga 2 bustader. Han gjekk frå og Lars Erik Dalland, H, tok plass som vararepresentant.

Aud May Boge, H, fremja forslag om at Mikal Leigland var inhabil.

J.f. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2. ledd. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil.»

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 8 røyster (3 Ap, 2 H, 1 Krf, 2 Sp) mot 1 røyst (1 Frp)

Lars Erik Dalland, H, gjekk frå. Mikal Leigland, Sp, tok plass igjen i møtet.

FOR-005/16 VEDTAK:

1. Fusa kommune tek imot inntil 7 einslege mindreårige flyktningar som del av auka mottak av flyktningar i 2016.
2. Drift av eit eventuelt bufellesskap og kostnadar knytt til fosterheimar skal finansierast med tilskot til den aktuelle gruppa. Det skal i tillegg søkjast skjønsmidlar hos Fylkesmannen for mellom anna å dekkja sjølve etableringa.
3. Rådmannen får fullmakt til å organisera arbeidet innafor ramma av eksisterande flyktningstilskot.
4. Vedtak om busetjing av einslege mindreårige flyktningar i 2017, gjer ein når ein har ein godkjent handlingsplan for tenesta.

.....

006/16: OPPSTARTSVEDTAK KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR

FUSA KOMMUNE 2017-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med PBL § 10-1 gjer Fusa kommune vedtak om oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 med intensjon om vedtak i kommunestyret i desember 2016.

Formannskapet vert politisk styringsgruppe for dette arbeidet. Rådmannen fastset den administrative organiseringa.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-006/16 VEDTAK:

I samsvar med PBL § 10-1 gjer Fusa kommune vedtak om oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 med intensjon om vedtak i kommunestyret i desember 2016.

Formannskapet vert politisk styringsgruppe for dette arbeidet. Rådmannen fastset den administrative organiseringa.

.....

007/16: Eigarskapsmelding 2016 - 19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner Eigarskapsmelding 2016 – 2019 slik den ligg føre.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Rådmannen informerte om at **Driftsassistane i Hordaland – Vann og Avløp IKS** også vert teke inn i saka

Framlegget frå rådmannen – med tillegg fremja i møtet - vart samrøystes tilrådd.

FOR-007/16 VEDTAK:

DroFusa kommune godkjenner Eigarskapsmelding 2016 – 2019 slik den ligg føre.

Driftsassistane i Hordaland – Vann og Avløp IKS også vert teke inn i saka

.....

008/16: Avklaring av mandat til sak om skulestruktur trinn 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande framlegg:

Viser til høyringsuttalelsane og Agenda Kaupang rapporten sin uttalelse om allmenn aksept for å gjennomføra strukturendringar i kommunen.

Høgre og Senterpartiet tar høyringsuttalelsane og Agenda Kaupang rapporten til etterretning. Endring i skulestruktur trinn 2 frå vedtak K-sak 054/15 vert ikkje gjennomført.

På vegne av Ap, Frp og Krf, fremja varaordførar Magne Djuvik, Frp, følgjande felles forslag: I tillegg utgreia kulepunkt 3 på side 202 i innkallinga. I tillegg strukturen som gjeld frå 01.08.2016.

Framlegget fremja av Magne Djuvik, Frp, vart tilrådd med 5 røyster. (3 Ap, 1 Frp, 1 Krf)

Framlegget fremja av Margunn Y. Samnøy fekk 4 røyster. (1 H, 3 Sp)

FOR-008/16 VEDTAK:

I tillegg utgreia kulepunkt 3 på side 202 i innkallinga. I tillegg strukturen som gjeld frå 01.08.2016.

.....

009/16: Avklaring av mandat til sak om organisering av barnehagar i Fusa kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Aud May Boge, H, følgjande framlegg:
Dagens barnehagestruktur vert vidareført.

Framlegget fremja av AudMay Boge, H, vart samrøystes tilrådd.

FOR-009/16 VEDTAK:

Dagens barnehagestruktur vert vidareført

.....

010/16: VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert sendt ut på høyring med fire vekers frist, slik at dei vert i samsvar med barnehagelov, forskrift om foreldrebetaling og budsjettvedtak.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Det vart på førespurnad opplyst at i høyringsutkastet vert utearealet retta slik at det vert i samsvar med faktiske tilhøve.

Framlegget fremja av rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-010/16 VEDTAK:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert sendt ut på høyring med fire vekers

frist, slik at dei vert i samsvar med barnehagelov, forskrift om foreldrebetaling og budsjettvedtak.

.....

011/16: Forskrift om oppheving av skulekrinsar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune tidlegare forskrift om skulekrinsar . Det vert ikkje vedteke ny forskrift og Fusa kommune skal såleis ikkje ha forskrift om skulekrinsar.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Aud–May Boge, H, følgjande framlegg: Saka er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, og vert derfor sendt tilbake til administrasjonen for ytterlegare utgreiing og søk etter forskrift.

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 5 røyster. (3 Ap, 1 Frp, 1 Krf)

Framlegget fremja av Aud May Boge, H, fekk 4 røyster. (1 H, 3 Sp)

FOR-011/16 VEDTAK:

Forskrift om oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune tidlegare forskrift om skulekrinsar . Det vert ikkje vedteke ny forskrift og Fusa kommune skal såleis ikkje ha forskrift om skulekrinsar

.....

012/16: VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nye vedtekter for SFO i Fusa kommune blir vedteken.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Aud –May Boge, H, følgjande framlegg: SFO tilbodet vert knytt opp til barnehagane der forholda ligg til rette for dette. Dette gjer det enklare å nytte tilbodet for born og føresette.

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 5 røyster. (3 Ap, 1 Frp, 1 Krf)

Framlegget fremja av Aud May Boge, H, fekk 4 røyster. (1 H, 3 Sp)

FOR-012/16 VEDTAK:

Nye vedtekter for SFO i Fusa kommune blir vedteken.

.....

013/16: Førespurnad om å leige eller overta Holdhus og Strandvik skular

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strandvik Vekst AS og Hålandsdal Vekst AS får ikkje leiga eller overta bygga i Strandvik og på Holdhus slik dei har søkt om.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

Skriv motteke 01.06.2016, frå Strandvik Vekst AS og Hålandsdal Vekst AS, var distribuert ut før møtet.

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Aud May Boge, H, følgjande framlegg:

Det vert vist til vedtak i Fusa kommunestyre 17.12.2015, sak 054/15.

Fusa Kommune imøtekjem søknad frå Strandvik Vekst AS og Hålandsdal Vekst SA og overdreg skulebygga på fylgjande vilkår.

Søknad frå Strandvik Vekst AS:

1. Strandvik Vekst AS får kjøpa skulebygg med tomt i Strandvik for kr 1,- Overdraginga forutset at bygget vert nytta til skuledrift. Bygget vert selt slik det står. Seljar heftar ikkje for feil og manglar ved bygget.
2. Avtalar med lag, organisasjonar og foreiningar skal vidareførast på gjeldande vilkår.
3. Kjøpar betaler kostnader ved overdraging av eigedomen.
4. Dersom Strandvik Vekst AS innstiller drifta og ikkje sjølv eller ved andre innan 3 år tek opp igjen denne, skal Fusa kommune ha tilbakekjøpsrett på same vilkår som bygget er selt for. Verdien av utbetringar på bygget kan leggjast til kjøpesummen.

Fusa kommune utarbeider og tinglyser skøyte.

Fusa kommune må snarast og seinast innan 30.03.2016 gjennomføra handelen.

Seljar skal fritt kunne nytta bygget ut skuleåret 2015/2016.

Søknad frå Hålandsdal Vekst SA:

1. Hålandsdal Vekst SA får kjøpa skulebygg med tomt på Holdhus for kr 1,- Overdraginga forutset at bygget vert nytta til skuledrift. Bygget vert selt slik det står. Seljar heftar ikkje for feil og manglar ved bygget. Overdraginga gjeld gnr/bnr 48/30, 48/31, 48/18, 48/19 og 48/20.
2. I samband med overdraginga skal kjøpar gjennomføre seksjonering av eigedomen der bygg for barnehage vert ein seksjon og skulebygget ein seksjon. Dei to seksjonane skal ha felles rett til uteområde.
3. Barnehagen skal ha full rett til å bruke lokale i skulebygget vederlagsfritt på same måte som dei gjer før kjøpet vert gjennomført. Barnehagen skal og ha full rett til å bruke uteområde vederlagsfritt på same måte som dei gjer før kjøpet vert gjennomført.
4. Kjøpar overtek ansvaret for drift av alle utvendige anlegg.
5. Avtalar med lag, organisasjonar og foreiningar skal vidareførast på gjeldande vilkår.
6. Kjøpar betaler kostnader ved overdraging av eigedomen.
7. Dersom Hålandsdal Vekst SA innstiller drifta og ikkje sjølv eller ved andre innan 3 år tek opp igjen denne, skal Fusa kommune ha tilbakekjøpsrett på same vilkår som bygget er selt for. Verdien av utbetringar på bygget kan leggjast til kjøpesummen.

Fusa kommune utarbeider og tinglyser skøyte.

Fusa kommune må snarast og seinast innan 30.03.2016 gjennomføra handelen.

Seljar skal fritt kunne nytta bygget ut skuleåret 2015/2016.

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 5 røyster. (3 Ap, 1 Frp, 1 Krf)

Framlegget fremja av Aud May Boge, H, fekk 4 røyster. (1 H, 3 Sp)

FOR-013/16 VEDTAK:

Strandvik Vekst AS og Hålandsdal Vekst AS får ikkje leiga eller overta bygga i Strandvik og på Holdhus slik dei har søkt om.

.....

014/16: Søknad om kommunal garanti for lån

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune garanterer for kr 500.000,- på serielån som Eikelandsfjorden idrettslag tek opp i samband med bygging av kunstgrasbane i Eikelandsosen. Garantien gjeld i 20 år frå lånet vert teke opp og kommunen sitt garantiansvar vert redusert i samsvar med nedbetalingsplanen slik at garantien vert redusert med kr 25 000,- kvart år utan omsyn til om avdraga vert betalt eller ikkje. Garantien fell bort seinast i 2030. Garantien vert gjeven som simpel kausjon.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-014/16 VEDTAK:

Fusa kommune garanterer for kr 500.000,- på serielån som Eikelandsfjorden idrettslag tek opp i samband med bygging av kunstgrasbane i Eikelandsosen. Garantien gjeld i 20 år frå lånet vert teke opp og kommunen sitt garantiansvar vert redusert i samsvar med nedbetalingsplanen slik at garantien vert redusert med kr 25 000,- kvart år utan omsyn til om avdraga vert betalt eller ikkje. Garantien fell bort seinast i 2030. Garantien vert gjeven som simpel kausjon.

.....

015/16: BIR - Høyring av avfalls- og ressursstrategi for 2016 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Fusa kommune har handsama BIR sitt utkast til Avfalls- og ressursstrategi (2016-2020) for dei lovpålagde oppgåvene BIR utfører for kommunen. Kommunestyret har ingen merknader til strategien og tilrår at den vert endeleg vedteken av styret i BIR AS.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-015/16 VEDTAK:

Kommunestyret i Fusa kommune har handsama BIR sitt utkast til Avfalls- og ressursstrategi (2016-2020) for dei lovpålagde oppgåvene BIR utfører for kommunen. Kommunestyret har ingen merknader til strategien og tilrår at den vert endeleg vedteken av styret i BIR AS.

.....

016/16: PROSJEKTRAPPORTERING FORMANNSKAPET 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

03.02.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet av 01.02.2016 og senior- og funksjonsrådet av 01.02.2016 var distribuert ut før møtet.

Framlegget fremja av rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-016/16 VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning

.....

